

Styresak




Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Fonna HF
Dato: 28.11.2012
Sakshandsamar: Olav Klausen
Saka gjeld: **Sal av eigedomar i Jondal kommune**

031Styresak 87/12 B

Styremøte 28.11.2012

Forslag til vedtak:

1. Styret i Helse Fonna HF tilrår sal av alle eigedomane som Helse Fonna HF eig i Jondal kommune
2. Saka skal sendast til Helse Vest RHF for vidare handsaming.

<p>Jonatunet - Personalbustad (Hagamyrbufellesskap i vik) Jondal Gr.nr.:31/ br.nr.: 13 Oppført 1968 Bruks areal: 482 m²</p> <p>Bokført verdi: 6 414 053,-</p>	
<p>Naust Jondal Gr.nr.:30/ br.nr.: 7 Oppført: ukjent</p> <p>Bokført verdi: 0,- pr. august 2012</p>	
<p>Søsterhytte Jondal Gr.nr.:23/ br.nr.: 5 Oppført 1948</p> <p>Bokført verdi: 321 600,-</p>	

Etter vedtak i styret i Helse Fonna HF vil saka bli sendt til Helse Vest RHF for vidare handsaming.

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøtet i helseføretaket. Alle bustadane vil ha ein salssum under 10 millionar kroner og kan difor handsamast av Helse Fonna HF sitt føretaksmøte jf. med vedtektene § 11.

Om styret godkjenner sal skal eigedommen verte nedskriven til salsverdi frå det tidspunkt slutninga tas. Dersom det ikkje er planer om å ta eigedommen i bruk og ein ikkje kan sannsynleggjøre moglegheiter for sal skal disse verte nedskriven fullstendig.

Jonatunet består av fire bygningar med ein samla bokført verdi på 14 011 763 kroner. Føretaksleiinga vurderer at samla salsverdi er omlag to millionar kroner. Hovudverdien er knytt til personalbustadane (Hagamyrbufellesskapet i Vik). Forutan personalbustadane har bygningsmassen ikkje vore i bruk dei siste to til tre åra.

Helse Fonna har i dag ein avtale med Jondal kommune som leigar personalbustadane for 210.000 kroner i året. Leigetakar er ansvarleg for innvendig vedlikehald og offentlege avgifter, strøm og uteområde. Utleigar er ansvarleg for byggets tekniske tilstand i tillegg til utvendig vedlikehald. Noverdi av eksisterande leigeforhold (med føresetnad om 10 års leigelengde, kapitalkostnad 4 % og ingen vedlikehaldsutgifter) er omlag 1,7 millionar kroner. Framtidige vedlikehaldsutgifter vil redusere denne verdien.

Naustet ligg sentralt i Jondal og har ein antatt salsverdi på omlag kroner 75.000,- Søsterhytta, som er oppført i 1948, har ein antatt salsverdi på omlag kroner 200.000,-

Nedskriving av eigedommen vil påføre Helse Fonna eit rekneskapsmessig tap på omlag 12 millionar kroner medan årlege avskrivingar fell bort i framtidige år. Bokført tap ved realisering av eigedommen påverkar ikkje føretaket sin likviditet. Bortfall av avskrivingar kan frigjere midlar til andre driftskostnader, men dette vil gå på bekostning av investeringsevna. Eventuell salssum kan ikkje nyttast til drift, men kan gå til investeringar eller nyttast som ein likviditetstilførsel som vil redusere bruken av driftskreditt.

Sal av eigedommane vil redusere Helse Fonnas utgifter til drift og vedlikehald av bygningane med omlag kroner 300.000,-.